



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 09.04.2014
Møtestad: Kommunehuset - Børilden
Møtetid: 09:00 – 12:00

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Helge Dyrkolbotn	KRF	Varaordførar
Liv Ulvøy	V	Medlem
Ernst Stellberg	H	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem

Følgende fra administrasjonen møtte:

Rådmann Jan Olav Osen, avdelingsleiar Asbjørn N. Toft, driftsleiar Rolf Henning Myrmel og kommunalsjef Torleiv Frotjold

Austrheim 14.04.2014

Per Lerøy
ordførar

Jan Olav Osen
rådmann

Sakliste

Saknr	Tittel
059/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
060/14	Godkjenning av møteprotokoll
061/14	Meldingar
062/14	Delegerte saker
063/14	Orienteringssak
064/14	Prosjektleiar " Austrheim heile livet" - Overføring av stillinga frå AS Austrheim Næringssselskap
065/14	AS Austrheim Næringssselskap - Søknad om tilskot
066/14	Vedtak - gbnr 147/6 - Toftegård - reguleringsplan-Dispensasjon til omlegging av veg
067/14	Vedtak- gbnr 129/1 Litlås- Søknad om jorddeponi i LNF-område -Dispensasjon
068/14	Havsporthus - tilskot til drift
069/14	Vatn til Baløy - Vedtak
070/14	Kollektivstrategi for Hordaland - Høyring
071/14	Tømmerkai på Eidsnes - Søknad om tilskot
072/14	Uttale til søknad om utviding av havbruksanlegg ved Jibbersholmane i Radøy mot Bergsvikhamn i Austrheim kommune
073/14	Vedtak- Detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik-Kilstraumen med friluftslivområde Ulvøy - Oppstart av planarbeid
074/14	Stønad til fullføring av Jernrosen Minnemonument 22. juli 2011
075/14	Søknad om tilskot til det kommunale barnevernet
076/14	Opprette permanent stilling til styrking av det kommunale barnevernet
077/14	Endring av vedtektene for barnehagane i Austrheim 2014
078/14	Endring i bemanningskabal for barnehagane

059/14: Godkjenning av innkalling og saksliste

Framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Handsaming:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

060/14: Godkjenning av møteprotokoll

Framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

Handsaming:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

061/14: Meldingar

Framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

Handsaming:

Meldingane vert tekne til orientering

Vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

062/14: Delegerte saker

Framlegg:

Delegerte saker vert tekne til orientering

Handsaming:

Delegerte saker vert tekne til orientering

Vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering

063/14: Orienteringssak

Framlegg:

Handsaming:

Orienteringssaker:

1) Orientering om rombehov ved kommunehuset

Asbjørn Toft, Rolf Henning Myrmel, Peter Kubon og Anne Jorunn Lunde deltok under orientering.

Asbjørn Toft delte ut to referat frå møte den 21.03 og 27.03.14. Asbjørn Toft og Rolf Henning Myrmel beskrev situasjonen i forhold til lokalitetsbehov innafor ambulanse, helsekontor og familiekontor. Peter Kubon og Anne Jorunn Lunde stadfesta situasjonen innanfor sine kontor. Det vart bedt om signal om vidare framdrift i saka.

Framlegg frå ordføraren:

Rådmannen vert bedt om å utarbeida sak til formannskapet om oppretting av arbeidsgruppe og tildeling av mandat for vidare arbeid med sak om lokalitetsproblematikken på kommunehuset.

2) Orientering om opparbeiding av gang og sykkelsti i samband med veiarbeid på Toftegård

Rolf Henning Myrmel orienterte om status i arbeidet og viste til at opparbeiding av gang og sykkelsti som omsøkt ikkje er prioritert innanfor trafikksikringsplanen. Opparbeiding av gang og sykkelsti som omsøkt er kostbart og administrasjonen tilrår ikkje å prioritere dette tiltaket.

Framlegg frå ordføraren:

Orienteringa frå Rolf Henning Myrmel om å ikkje gå vidare med opparbeiding av gang og sykkelsti som omsøkt vert teke til etterretning.

Ordføraren sine framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Rådmannen vert bedt om å utarbeida sak til formannskapet om oppretting av arbeidsgruppe og tildeling av mandat for vidare arbeid med sak om lokalitetsproblematikken på kommunehuset.

Orienteringa frå Rolf Henning Myrmel om å ikkje gå vidare med opparbeiding av gang og sykkelsti som omsøkt vert teke til etterretning.

064/14: Prosjektleiar " Austrheim heile livet" - Overføring av stillinga frå AS Austrheim Næringssselskap

Framlegg:

Austrheim kommunestyre godkjenner at stillinga som prosjektleiar for « Austrheim heile livet» vert overført til kommunen frå 01.05.14 og ut prosjektperioden til 01.06.2015.
Kostnaden kr. 300.000,- vert dekkja med kr. 150.000,- frå ansvar 800 og kr. 150.000,- med overføring frå ansvar 802 – kommunestyre si tilleggslyyving.
Kostnader for 2015 vert innarbeida i budsjettet.

Handsaming:

Per Lerøy og Jan Olav Osen gjekk frå som inhabile under handsaming av saka.

Terje Håland og Olav Andersen tiltrådde møtelyden under handsaming av saka. Helge Dyrkolbotn leia møtet.

Framlegg frå H v/ Ernst Stellberg:

Austrheim kommune overfører midlar til dekning av stillinga i 2014.

Rådmannen si tilråding fekk 4 røyster og framlegget frå H v/ Ernst Stellberg fekk 1 røyst.

Tilråding:

Austrheim kommunestyre godkjenner at stillinga som prosjektleiar for « Austrheim heile livet» vert overført til kommunen frå 01.05.14 og ut prosjektperioden til 01.06.2015.

Kostnaden kr. 300.000,- vert dekkja med kr. 150.000,- frå ansvar 800 og kr. 150.000,- med overføring frå ansvar 802 – kommunestyre si tilleggløyving.

Kostnader for 2015 vert innarbeida i budsjettet.

065/14: AS Austrheim Næringssselskap - Søknad om tilskot**Framlegg:**

Austrheim kommunestyre løyver kr. 50.000,- i 2014 til dekning av renter og avdrag for lån stort kr. 3.600.000,-. Kostnaden vert dekkja frå ansvar 802 – Kommunestyre si tilleggløyving.

Storleiken på kommunen si dekning av lånekostnadene vert kvart år handsama i budsjettet etter eigen søknad får AS Austrheim Næringssselskap.

Handsaming:

Per Lerøy og Jan Olav Osen gjekk frå som inhabile under handsaming av saka.

Terje Håland og Olav Andersen tiltrådde møtelyden under handsaming av saka. Helge Dyrkolbotn leia møtet.

Framlegg frå H v/ Ernst Stellberg:

Saka vert utsett.

Framlegget frå H v/ Ernst Stellberg fekk 1 røyst og fall.

Framlegget frå rådmannen fekk deretter 4 røyster mot 1 røyst(Ernst Stellberg)

Tilråding:

Austrheim kommunestyre løyver kr. 50.000,- i 2014 til dekning av renter og avdrag for lån stort kr. 3.600.000,-.Kostnaden vert dekkja frå ansvar 802 – Kommunestyre si tilleggsløyving. Storleiken på kommunen si dekning av lånekostnadene vert kvart år handsama i budsjettet etter eigen søknad får AS Austrheim Næringselskap.

066/14: Vedtak - gbnr 147/6 - Toftegård - reguleringsplan-Dispensasjon til omlegging av veg

Framlegg:

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå reguleringsplan som omsøkt til bygging av ny vegtilkomst til bustadfeltet på Toftegård.

Grunngjeving for vedtaket er i hovudsak at ein ved denne omlegginga får ei betre og tryggare trafikkavvikling til bustadfeltet. Grunngjevinga er elles gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 jf. § 12-4.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering.

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå reguleringsplan som omsøkt til bygging av ny vegtilkomst til bustadfeltet på Toftegård.

Grunngjeving for vedtaket er i hovudsak at ein ved denne omlegginga får ei betre og tryggare trafikkavvikling til bustadfeltet. Grunngjevinga er elles gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 jf. § 12-4.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering.

067/14: Vedtak- gbnr 129/1 Litlås- Søknad om jorddeponi i LNF-område -Dispensasjon

Framlegg:

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå LNF føremålet i kommunedelplanen for oppgradering av om lag 9 dekar jordbruksareal og standardheving av 50 meter med veg på følgjande vilkår:

1. Arbeidet skal ferdigstillast innan 2 år etter oppstart.
2. Ved ferdigstilling skal området vera ferdig grøfta og sådd i og vera klar til innhausting av gras.
3. Berre reine natur- og jordmassar frå gnr. 127, bnr. 138 i Lindås kan plasserast her.
4. Det skal vera ein låsbar port inn til området som skal stengast kvar dag etter arbeidstida.
5. Avrenning frå jordmassane skal hindrast med filterduk/torv eller med fangedam o.l..
6. Dersom tiltaket skapar miljøproblem for naboar eller andre interesser kan Austrheim kommune oppheva omgåande dette dispensasjonsvedtaket.

Grunngjevinga for vedtaket er at tiltaket er positivt for framtidig landbruksdrift i dette LNF-området. Grunngjevinga er elles gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 jf. § 11-6 .

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå LNF føremålet i kommunedelplanen for oppgradering av om lag 9 dekar jordbruksareal og standardheving av 50 meter med veg på følgjande vilkår:

1. Arbeidet skal ferdigstillast innan 2 år etter oppstart.
2. Ved ferdigstilling skal området vera ferdig grøfta og sådd i og vera klar til innhausting av gras.
3. Berre reine natur- og jordmassar frå gnr. 127, bnr. 138 i Lindås kan plasserast her.
4. Det skal vera ein låsbar port inn til området som skal stengast kvar dag etter arbeidstida.
5. Avrenning frå jordmassane skal hindrast med filterduk/torv eller med fangedam o.l..
6. Dersom tiltaket skapar miljøproblem for naboar eller andre interesser kan Austrheim kommune oppheva omgåande dette dispensasjonsvedtaket.

Grunngjevinga for vedtaket er at tiltaket er positivt for framtidig landbruksdrift i dette LNF-området. Grunngjevinga er elles gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 jf. § 11-6 .

068/14: Havsporthus - tilskot til drift

Framlegg:

Det vert løyvd inntil 75.000 i driftsstøtte til Havsporthuset. Pengane vert løyvd frå rammeområde 801 – Tilleggsøyvingar formannskapet.

Austrheim kommune inngår leigeavtale med Mastrevik eigedom AS om leige av lokala som Oceanordic/Havsportsenteret no disponerer.

Handsaming:

Framlegg frå H v/ Ernst Stellberg:

1. Austrheim kommune inngår avtale med Mastrevik Eigedom AS om leige av lokaler som havsportsenteret/Oceanordic AS disponerer. Det vert løyvd inntil kr. 75.000,- i leige til Mastrevik eigedom AS.
2. Leigeperioden vert sett til 01.05.14 til 31.12.14.
3. Leigeavtalen vert administrert av Kulturavdelinga.
4. Interesserte leigetakarar betalar for den del av lokalet som dei vert tildelt.
5. Austrheim ungdomsklubb betalar ikkje fo den del av lokalet som dei vert tildelt.
6. Leige av utstyr frå Oceanordic AS til Austrheim Ungdomsklubb vert fakturert frå selskapet til Austrheim ungdomsklubb. Det vert løyvd inntil kr. 15.000,- for leige/kjøp av utstyr frå rammeområde 801- tilleggsløyvinger formannskapet.

Framlegget frå H v / Ernst Stellberg fekk 5 røyster og rådmannen sitt framlegg fekk ingen røyster.

Vedtak:

1. Austrheim kommune inngår avtale med Mastrevik Eigedom AS om leige av lokaler som havsportsenteret/Oceanordic AS disponerer. Det vert løyvd inntil kr. 75.000,- i leige til Mastrevik eigedom AS.
2. Leigeperioden vert sett til 01.05.14 til 31.12.14.
3. Leigeavtalen vert administrert av Kulturavdelinga.

4. Interesserte leietakere betaler for den del av lokalet som dei vert tildelt.

5. Austrheim ungdomsklubb betalar ikkje for den del av lokalet som dei vert tildelt.

6. Leige av utstyr frå Oceanordic AS til Austrheim Ungdomsklubb vert fakturert frå selskapet til Austrheim ungdomsklubb. Det vert løyvd inntil kr. 15.000,- for leige/kjøp av utstyr frå rammeområde 801- tilleggsløyvinger formannskapet.

069/14: Vatn til Baløy - Vedtak

Framlegg:

Rådmannen inngår kontrakt med ØPD Group as om legging av vatn til Sævrøy Aust og Baløy i samsvar med revidert tilbod etter forhandlingsmøte 12.03.14.

Investeringskostnadene for prosjektet vert dekket av tilknytningsavgift på kr 253.000,- og investeringsmidlar avsett til VA-anlegg i 2013 og 2014.

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

Tilråding:

Rådmannen inngår kontrakt med ØPD Group as om legging av vatn til Sævrøy Aust og Baløy i samsvar med revidert tilbod etter forhandlingsmøte 12.03.14.

Investeringskostnadene for prosjektet vert dekket av tilknytningsavgift på kr 253.000,- og investeringsmidlar avsett til VA-anlegg i 2013 og 2014.

070/14: Kollektivstrategi for Hordaland - Høyring

Framlegg:

Austrheim kommune gir følgjande uttale til kollektivstrategi for Hordaland.

Hordaland fylkeskommune er ansvarleg for kollektivtransporten i Hordaland. Fylkeskommunen ved

Skyss har utarbeidd utkast til kollektivstrategi for Hordaland som skal:

- vere fagleg grunnlag for prioriteringar i fylkeskommunen
- bidra inn i planar og utgreiingar hjå kommunar og etatar
- gi Skyss mandat i arbeidet med utviklinga av tilbodet

Skyss vil utvikle det beste tilbodet der flest reiser ved å

- styrke kollektivtilbodet for dei store reisestraumane
- utvikle eit enklare og meir effektivt linjenett
- vidareutvikle stamlinjene i Bergen
- utvikle regionale stamlinjer i Bergensområdet
- knyte regionane i fylket saman
- samordne offentleg transport i tynt befolka områder

Skyss vil tilby enkle reiser ved å

- gjere det enkelt å finne relevant informasjon om reisa
- gjere det enkelt å velje riktig billett og å betale for denne
- auke kunnskapen om kollektivreiser
- gjere kollektivtrafikken synleg i det offentlege rom
- heve kvaliteten på knutepunkt og haldeplassar

Skyss vil tilby effektive reiser gjennom

- å minimere stoppetid på haldeplass
- infrastrukturtiltak som får bussen fram
- restriktive tiltak for biltrafikken
- kollektivorientert byutvikling

Skyss vil sørge for miljøvenleg drift gjennom

- å sikre låge utslepp frå busstrafikken
- å redusere miljøbelastning frå båt- og ferjetrafikken
- å vere pådrivar for forskning og fagleg utvikling

Kollektivstrategien vil bli følgd opp gjennom eit handlingsprogram som vil vise korleis fylkeskommunen vil setje i verk strategiane og konkrete prioriteringar i en periode på 4-5 år. Det skal også utarbeidast trafikkplanar som vider status og framtidsutsikter i ulike område, og som vil ligge til grunn for prioriteringar.

Austrheim kommune har forståing for at kollektivstrategien slår fast at det er nødvendig å prioritere ressursane der transportbehovet er størst, men vil gjerne understreke betydninga av den påfølgjandesetninga: *Samstundes skal kollektivtilbodet vere eit attraktivt og tenleg tilbod for alle innbyggjarane i fylket.* Austrheim ligg utanfor det definerte Bergensområdet, men grensar til kommunar som er med.

Skysst ynskjer å utvikle eit enklare og meir effektivt linjenett. Dette inneberer mellom anna færrestmoglege parallelle linjer på hovudforbindelsane og at linjeføringar i størst moglege grad skal gå rett fram mellom store reisemål. Austrheim kommune støttar desse prinsippa. I det vidare arbeidet med handlingsprogram og trafikkplanar ynskjer Austrheim kommune at det vert vurdert å innføre eiringrute Knarvik – Lindås – Austrheim sentrum – Austmarka – Knarvik utan omvegar. Ei slik rute med korrespondanse må gjere det **mogeleg** for folk som pendlar frå Austrheim til Knarvik, samt Manger og Frekhaug, å nytte kollektivtilbodet ved å vere framme til jobbstart kl. 8. Alternativt må ein finne andre løysingar som gjer det mogeleg og interessant økonomisk og tidsmessig for pendlarar å reise kollektivt.»

Austrheim kommune er positiv til utvikling av regionstamlinjer i Bergensområdet. For Nordhordlandtreier det seg om buss og snøggått frå Knarvik/Frekhaug til Bergen. For innbyggjarar lenger ute kan dette også vere attraktivt.

For snøggått sin del føreset at ruteplanane må endrast slik at det vert mogeleg å reisa frå Austrheim (og dermed også Radøy og Lindås) med buss til Knarvik og vidare med ått til Bergen. I dagar det ikkje mogeleg å nå dei tre første avgangane frå Knarvik og det bør vera eit mål at ein i alle høve bør kunna nå tredje avgangen frå Knarvik klokka 07:50 dersom ein reiser kollektivt frå Austrheim.

Tilsvarende bør åttrutene frå Bergen samordnast med bussrutene i Nordhordland på ettermiddag.

For det andre må ein forbetre «park and ride» anlegga i Knarvik og på Flatøy. Regionstamlinjene må også ha god korrespondanse med linjer lenger ut i Nordhordland, som til dømes ei ringrute med

Austrheim kommunesenter som knutepunkt i nord. Det er også viktig med korrespondanse mellom snøggått på Vardetangen og busstilbodet, slik at reisande lett kan ta seg vidare til og frå snøggåttstoppet med kollektive transportmiddel.

Austrheim kommune er i utgangspunktet positiv til ideen om linjer for samanhengande reiser mellom regionscenter og større tettstader i fylket, men stiller spørsmål ved om det er rett prioritering til dømes å opprette ei hovudlinje mellom Knarvik og Voss. I Nordhordland er det etter vårt syn viktigare å sikre eit godt kollektivtilbod mellom kommunesentra og regionscenteret Knarvik og vidare til Bergen. Det er også viktig å sikre eit visst kollektivtilbod frå meir perifere delar av Austrheim kommune og inn til Austrheim kommunesentrum, spesielt med omsyn til eldre.

Grunntilbodet i kollektivtrafikken i tynt befolka område er den lovpålagde skuleskyssen. Austrheimkommune meiner denne må betrast med sikte på å skape ei meir effektiv reisetid for elevar inedslagsfeltet til Austrheim vidaregåande skule. Spesielt ser det ut til å vere behov for å korte ned reisetida til elevar som kjem frå Alversund og Radøy. Austrheim kommune er positive til at linjer med få passasjerar kan køyrast med maxitaxi eller liknande, og meiner at dette kan gje ei betre ressursutnytting. Austrheim kommune er også positiv til utprøving av ringeruter i tynt befolka område.

Busstilbudet til Austrheim laurdag ettermiddag og kveld er alt for dårleg. Det bør vera mogeleg å koma seg frå Bergen og Knarvik etter ein litt sein handledag. Det bør også vera mogeleg å gå på kino eller teater i Bergen og koma seg trygt heim laurdag kveld. Ein bør såleis også sjå nærare på nattbusstilbudet og utvide «Trygt heim» ordninga til også å omfatte Nordhordland med faste ruter.

Unge som tek bussen betalar om lag halv pris, likevel meiner dei som brukar bussen mykje, til dømes til og frå diverse ungdomstilbod i kommunen, at kostnadane vert høge. På denne bakgrunn meiner Austrheim kommune at eit «barnekort» etter mal av ungdomskortet er noko som bør utgreiast og vurderast med sikte på innføring. Dette kan vera ein god ide som kan vera med på å gje barna gode reisevanar som på sikt vil redusera bilbruken. I sum vil eit godt kollektivtilbod vere positivt med tanke på både miljø og folkehelse.

Austrheim kommune meiner vidare at det bør takast ein gjennomgang av takstsonesystemet i Nordhordland og andre delar av fylket med sikte på å redusere talet på sonar. I dag er det eit lappeteppje av sonar, som ikkje er enkelt å forhalde seg til verken for sjåførar eller reisande.

Handsaming:

Framlegget frå rådmannen vert samrøystes vedteke med ei mindre endring.

Vedtak:

Austrheim kommune gir følgjande uttale til kollektivstrategi for Hordaland.

Saksopplysninger

Hordaland fylkeskommune er ansvarleg for kollektivtransporten i Hordaland. Fylkeskommunen ved Skyss har utarbeidd utkast til kollektivstrategi for Hordaland som skal:

- vere fagleg grunnlag for prioriteringar i fylkeskommunen
- bidra inn i planar og utgreiingar hjå kommunar og etatar
- gi Skyss mandat i arbeidet med utviklinga av tilbodet

Skyss vil utvikle det beste tilbodet der flest reiser ved å

- styrke kollektivtilbodet for dei store reisestraumane
- utvikle eit enklare og meir effektivt linjenett
- vidareutvikle stamlinjene i Bergen
- utvikle regionale stamlinjer i Bergensområdet
- knyte regionane i fylket saman
- samordne offentleg transport i tynt befolka område

Skyss vil tilby enkle reiser ved å

- gjere det enkelt å finne relevant informasjon om reisa
- gjere det enkelt å velje riktig billett og å betale for denne
- auke kunnskapen om kollektivreiser
- gjere kollektivtrafikken synleg i det offentlege rom
- heve kvaliteten på knutepunkt og haldeplassar

Skyss vil tilby effektive reiser gjennom

- å minimere stoppetid på haldeplass
- infrastrukturtiltak som får busser fram
- restriktive tiltak for biltrafikken
- kollektivorientert byutvikling

Skyss vil sørge for miljøvenleg drift gjennom

- å sikre låge utslepp frå busstrafikken
- å redusere miljøbelastning frå båt- og ferjetrafikken
- å vere pådrivar for forskning og fagleg utvikling

Kollektivstrategien vil bli følgd opp gjennom eit handlingsprogram som vil vise korleis fylkeskommunen vil setje i verk strategiane og konkrete prioriteringar i en periode på 4-5 år. Det skal også utarbeidast trafikkplanar som vider status og framtidsutsikter i ulike område, og som vil ligge til grunn for prioriteringar.

Austrheim kommune har forståing for at kollektivstrategien slår fast at det er nødvendig å prioritere ressursane der transportbehovet er størst, men vil gjerne understreke betydninga av den påfølgjande setninga: *Samstundes skal kollektivtilbodet vere eit attraktivt og tenleg tilbod for alle innbyggjarane i fylket.* Austrheim ligg utanfor det definerte Bergensområdet, men grensar til kommunar som er med.

Skyss ynskjer å utvikle eit enklare og meir effektivt linjenett. Dette inneberer mellom anna færrest mogleg parallelle linjer på hovudforbindelsane og at linjeføringar i størst mogleg grad skal gå rett fram mellom store reisemål. Austrheim kommune støttar desse prinsippa. I det vidare arbeidet med handlingsprogram og trafikkplanar ynskjer Austrheim kommune at det vert vurdert å innføre ei ringrute Knarvik – Lindås – Austrheim sentrum – Austmarka – Knarvik utan omvegar. Ei slik rute med korrespondanse må gjere det **mogeleg** for folk som pendlar frå Austrheim til Knarvik, samt Manger og Frekhaug, å nytte kollektivtilbodet ved å vere framme til jobbstart kl. 8. Alternativt må ein finne andre løysingar som gjer det mogeleg og interessant økonomisk og tidsmessig for pendlarar å reise kollektivt.»

Austrheim kommune er positiv til utvikling av regionstamlinjer i Bergensområdet. For Nordhordland dreier det seg om buss og snøggbåt frå Knarvik/Frekhaug til Bergen. For innbyggjarar lenger ute kan dette også vere attraktivt.

For snøggbåten sin del føreset at ruteplanane må endrast slik at det vert mogeleg å reisa frå Austrheim (og dermed også Radøy og Lindås) med buss til Knarvik og vidare med båt til Bergen. I dag er det ikkje mogeleg å nå dei tre første avgangane frå Knarvik og det bør vera eit mål at ein i alle høve bør kunna nå tredje avgangen frå Knarvik klokka 07:50 dersom ein reiser kollektivt frå Austrheim. Tilsvarande bør båtrotene frå Bergen samordnast med bussrutene i Nordhordland på ettermiddag. For det andre må ein forbetre «park and ride» anlegga i Knarvik og på Flatøy. Regionstamlinjene må også ha god korrespondanse med linjer lenger ut i Nordhordland, som til dømes ei ringrute med Austrheim kommunesenter som knutepunkt i nord. Det er også viktig med korrespondanse mellom snøggbåten på Vardetangen og busstilbodet, slik at reisande lett kan ta seg vidare til og frå snøggbåtstoppet med kollektive transportmiddel.

Austrheim kommune er i utgangspunktet positiv til ideen om linjer for samanhengande reiser mellom regionscenter og større tettstader i fylket, men stiller spørsmål ved om det er rett prioritering til dømes å opprette ei hovudlinje mellom Knarvik og Voss. I Nordhordland er det etter vårt syn viktigare å sikre eit godt kollektivtilbod mellom kommunesentra og regionsenteret Knarvik og vidare til Bergen. Det er også viktig å sikre eit visst kollektivtilbod frå meir perifere delar av Austrheim kommune og inn til Austrheim kommunesentrum, spesielt med omsyn til eldre.

Grunntilbodet i kollektivtrafikken i tynt befolka område er den lovpålagde skuleskyssen. Austrheim kommune meiner denne må betrast med sikte på å skape ei meir effektiv reisetid for elevar i nedslagsfeltet til Austrheim vidaregåande skule. Spesielt ser det ut til å vere behov for å korte ned reisetida til elevar som kjem frå Alversund og Radøy. Austrheim kommune er positive til at linjer med få passasjerar kan køyrast med maxitaxi eller liknande, og meiner at dette kan gje ei betre ressursutnytting. Austrheim kommune er også positiv til utprøving av ringeruter i tynt befolka område.

Busstilbodet til Austrheim laurdag ettermiddag og kveld er alt for dårleg. Det bør vera mogeleg å koma seg frå Bergen og Knarvik etter ein litt sein handledag. Det bør også vera mogeleg å gå på kino eller teater i Bergen og koma seg trygt heim laurdag kveld. Ein bør såleis også sjå nærare på nattbusstilbodet og utvide «Trygt heim» ordninga til også å omfatte Nordhordland med faste ruter. Unge som tek bussen betalar om lag halv pris, likevel meiner dei som brukar bussen mykje, til dømes til og frå diverse ungdomstilbod i kommunen, at kostnadane vert høge. På denne bakgrunn meiner Austrheim kommune at eit «barnekort» etter mal av ungdomskortet er noko som bør utgreiast og vurderast med sikte på innføring. Dette kan vera ein god ide som kan vera med på å gje barna gode reisevanar som på sikt vil redusera bilbruken. I sum vil eit godt kollektivtilbod vere positivt med tanke på både miljø og folkehelse.

Austrheim kommune meiner vidare at det bør takast ein gjennomgang av takstsonesystemet i Nordhordland og andre delar av fylket med sikte på å redusere talet på sonar. I dag er det eit lappeteppes av sonar, som ikkje er enkelt å forhalde seg til verken for sjåførar eller reisande.

071/14: Tømmerkai på Eidsnes - Søknad om tilskot

Framlegg:

Austrheim formannskapet løyver kr. 25.000,- i støtte til prosjektet tømmerkai på Eidsnes. Kostnaden kr. 25.000,- vert dekkja frå ansvar 801 – Tilleggløyving frå formannskapet.

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Austrheim formannskapet løyver kr. 25.000,- i støtte til prosjektet tømmerkai på Eidsnes. Kostnaden kr. 25.000,- vert dekkja frå ansvar 801 – Tilleggløyving frå formannskapet.

072/14: Uttale til søknad om utviding av havbruksanlegg ved Jibbersholmane i Radøy mot Bergsvikhamn i Austrheim kommune**Framlegg:**

Austrheim kommune ynskjer ikkje å gjeva dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel i sjø til utviding av havbruksarealet med lokalitetsnr. 11665 ved Jibbersholmane i Austrheim kommune som no har sendt søknaden sin å høyring. Grunngevinga er at omsøkt tiltak i her ikkje er i tråd med arealformålet i kommuneplanen. Omsøkt tiltak i FFNF-området som no er sendt på høyring vil her kunne koma direkte i strid med planane for ilandføringa av Johan Sverdrup oljeleidninga til Mongstad. Johan Sverdrup oljeleidninga frå sjøen utanfor er planlagt lagt inn til Bergsvikhamn, rett aust for planlagt utviding av dette havbruksanlegget.

Planlagt tiltak vil og koma i konflikt med tradisjonelt kystfiske og friluftsliv i sjøområdet. Omsøkte tiltak vil og komme i konflikt med naturmangfaldslova på grunn av havoterbestanden i området og andre verrdifulle marine ressursar, omsøkt tiltak bør difor ikkje gjennomførast. Austrheim kommune vil peika på at det er viktig at alle ilane/fortøyningar m.m. frå matfiskanlegget ikkje på noko måte kjem i berøring med FFNF-området i arealdelen til Austrheim kommune sin kommuneplan.

Austrheim kommune ynskjer ikkje å gjeva dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel i sjø til utviding av havbruksarealet med lokalitetsnr. 11665 ved Jibbersholmane i Austrheim kommune som no har sendt søknaden sin å høyring. Grunngevinga er at omsøkt tiltak i her ikkje er i tråd med arealformålet i kommuneplanen. Omsøkt tiltak i FFNF-området som no er sendt på høyring vil her kunne koma direkte i strid med planane for ilandføringa av Johan Sverdrup oljeleidninga til Mongstad. Johan Sverdrup oljeleidninga frå sjøen utanfor er planlagt lagt inn til Bergsvikhamn, rett aust for planlagt utviding av dette havbruksanlegget.

Planlagt tiltak vil og koma i konflikt med tradisjonelt kystfiske og friluftsliv i sjøområdet. Omsøkte tiltak vil og komme i konflikt med naturmangfaldslova på grunn av havoterbestanden i området og andre verrdifulle marine ressursar, omsøkt tiltak bør difor ikkje gjennomførast. Austrheim kommune vil peika på at det er viktig at alle ilane/fortøyningar m.m. frå matfiskanlegget ikkje på noko måte kjem i berøring med FFNF-området i arealdelen til Austrheim kommune sin kommuneplan.

Austrheim kommune ynskjer av omsyn til skaldyr i området og rekefeltet i nord, men og på grunn av nærleiken til det store gytefeltet her eit forbod mot bruk av kjemikaliar som inneheld kitinhemmarar på dette havbruksanlegget. Desse punkta må inn som eit vilkår i eit eventuelt løyve frå Hordaland Fylkeskommune. Austrheim kommune meiner at omsøkte tiltak nært både øyar og landområde mot Austrheim vil koma i direkte konflikt med naturmangfaldslova.

Austrheim kommune krev at denne søknaden skal handsamast som ei dispensasjonssak i kommunen vår om søknaden vert slik den føreligg til uttale, eller om den kjem i berøring med arealdelen i Austrheim kommune på nokon måte

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Austrheim kommune ynskjer ikkje å gjeva dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel i sjø til utviding av havbruksarealet med lokalitetsnr. 11665 ved Jibbersholmane i Austrheim kommune som no har sendt søknaden sin å høyring. Grunngevinga er at omsøkt tiltak i her ikkje er i tråd med arealformålet i kommuneplanen. Omsøkt tiltak i FFNF-området som no er sendt på høyring vil her kunne koma direkte i strid med planane for ilandføringa av Johan Sverdrup oljeleidninga til Mongstad. Johan Sverdrup oljeleidninga frå sjøen utanfor er planlagt lagt inn til Bergsvikhamn, rett aust for planlagt utviding av dette havbruksanlegget.

Planlagt tiltak vil og koma i konflikt med tradisjonelt kystfiske og friluftsliv i sjøområdet. Omsøkte tiltak vil og komme i konflikt med naturmangfaldslova på grunn av havoterbestanden i området og andre verrdifulle marine ressursar, omsøkt tiltak bør difor ikkje gjennomførast. Austrheim kommune vil peika på at det er viktig at alle ilane/fortøyningar m.m. frå matfiskanlegget ikkje på noko måte kjem i berøring med FFNF-området i arealdelen til Austrheim kommune sin kommuneplan.

Austrheim kommune ynskjer ikkje å gjeva dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel i sjø til utviding av havbruksarealet med lokalitetsnr. 11665 ved Jibbersholmane i Austrheim kommune som no har sendt søknaden sin å høyring. Grunngevinga er at omsøkt tiltak i her ikkje er i tråd med arealformålet i kommuneplanen. Omsøkt tiltak i FFNF-området som no er sendt på høyring vil her kunne koma direkte i strid med planane for ilandføringa av Johan Sverdrup oljeleidninga til Mongstad. Johan Sverdrup oljeleidninga frå sjøen utanfor er planlagt lagt inn til Bergsvikhamn, rett aust for planlagt utviding av dette havbruksanlegget.

Planlagt tiltak vil og koma i konflikt med tradisjonelt kystfiske og friluftsliv i sjøområdet. Omsøkte tiltak vil og komme i konflikt med naturmangfaldslova på grunn av havoterbestanden i området og andre verrdifulle marine ressursar, omsøkt tiltak bør difor ikkje gjennomførast. Austrheim kommune vil peika på at det er viktig at alle ilane/fortøyningar m.m. frå matfiskanlegget ikkje på noko måte kjem i berøring med FFNF-området i arealdelen til Austrheim kommune sin kommuneplan.

Austrheim kommune ynskjer av omsyn til skaldyr i området og rekefeltet i nord, men og på grunn av nærleiken til det store gytefeltet her eit forbod mot bruk av kjemikaliar som inneheld kitinhemmarar på dette havbruksanlegget. Desse punkta må inn som eit vilkår i eit eventuelt løyve frå Hordaland Fylkeskommune. Austrheim kommune meiner at omsøkte tiltak nært både øyar og landområde mot Austrheim vil koma i direkte konflikt med naturmangfaldslova.

Austrheim kommune krev at denne søknaden skal handsamast som ei dispensasjonssak i kommunen vår om søknaden vert slik den føreligg til uttale, eller om den kjem i berøring med arealdelen i Austrheim kommune på nokon måte

073/14: Vedtak- Detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik-Kilstraumen med friluftslivområde Ulvøy - Oppstart av planarbeid

Framlegg:

Austrheim Formannskap tilrår i samsvar med reglane i PBL § 12-1, 12-3, 12-8 oppstart av planarbeid for detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik-Kilstraumen med friluftslivområde Ulvøy. Planområdet dekkjer det tidlegare planområdet for desse to påbyrja reguleringsplanane.

Planarbeidet med detaljreguleringa kjøper Austrheim kommune av kvalifiserte planleggingsfirma etter gjeldane reglar for kjøp av slike tenester. Kostnadar totalt med ei ramme på inntil kr. 500.000 vert finansiert som følgjer:

-Kr 300.000 vert dekkja frå konto 25300008 ubunden investering.

-Kr. 200.000 vert dekkja frå konto 25300021 ubunden kapitalfond.

Kostnadar over dette må eventuelt takast i samband med budsjettarbeidet for 2015.

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Austrheim Formannskap tilrår i samsvar med reglane i PBL § 12-1, 12-3, 12-8 oppstart av planarbeid for detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik-Kilstraumen med friluftslivområde Ulvøy. Planområdet dekkjer det tidlegare planområdet for desse to påbyrja reguleringsplanane.

Planarbeidet med detaljreguleringa kjøper Austrheim kommune av kvalifiserte planleggingsfirma etter gjeldane reglar for kjøp av slike tenester. Kostnadar totalt med ei ramme på inntil kr. 500.000 vert finansiert som følgjer:

-Kr 300.000 vert dekkja frå konto 25300008 ubunden investering.

-Kr. 200.000 vert dekkja frå konto 25300021 ubunden kapitalfond.

Kostnadar over dette må eventuelt takast i samband med budsjettarbeidet for 2015.

074/14: Stønad til fullføring av Jernrosen Minnemonument 22. juli 2011

Framlegg:

Austrheim formannskap løyver kr. 10.000,- i tilskot til minnemonumentet Jernrosen som skal plasserast i Oslo.

Kostnaden kr. 10.000,- vert dekkja frå ansvar 801 – Tilleggsloøyving frå formannskapet.

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Austrheim formannskap løyver kr. 10.000,- i tilskot til minnemonumentet Jernrosen som skal plasserast i Oslo.

Kostnaden kr. 10.000,- vert dekkja frå ansvar 801 – Tilleggsøyving frå formannskapet.

075/14: Søknad om tilskot til det kommunale barnevernet**Framlegg:**

Austrheim kommune søker i samarbeid med Fedje kommune om midlar til å styrkje barnevernet gjennom:

- Ein stilling for tiltaksretta og forebyggjande arbeid inn i familiar i begge kommunane.
- Midlar til kompetanseheving innan feltet "vold og traumatisk stress".

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd

Tilråding:

Austrheim kommune søker i samarbeid med Fedje kommune om midlar til å styrkje barnevernet gjennom:

- Ein stilling for tiltaksretta og førebyggjande arbeid inn i familiar i begge kommunane.
 - Midlar til kompetanseheving innan feltet "vold og traumatisk stress".
-

076/14: Opprette permanent stilling til styrking av det kommunale barnevernet**Framlegg:**

Det vert oppretta ein ny fast 100% stilling i barnevernet, knytt opp mot tiltaksretta og førebyggjande arbeid inn i familiar som har behov for slike tiltak. Stillinga vert å finansiere slik:

50% ved tilskot frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdept.

50% ved å omdisponere eigne midlar frå kjøp av konsulenttenester til fast stilling.

Dette vil gi ein forventa reduksjon i kjøp av konsulenttenester.

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg til tilråding vart samrøystes tilrådd.

Tilråding:

Det vert oppretta ein ny fast 100% stilling i barnevernet, knytt opp mot tiltaksretta og førebyggjande arbeid inn i familiar som har behov for slike tiltak. Stillinga vert å finansiere slik:

50% ved tilskot frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdept.

50% ved å omdisponere egne midlar frå kjøp av konsulenttenester til fast stilling.

Dette vil gi ein forventa reduksjon i kjøp av konsulenttenester.

077/14: Endring av vedtektene for barnehagane i Austrheim 2014**Framlegg:**

Vedtektene er harmoniserte i høve gjeldande lovverk og gjeldande kommunale vedtak. Vidare er det gjort nokre tekstendringar for å gjere vedtektene tydelegare og enklare.

Rådmannen gjer framlegg om å vedta vedtektene for barnahagen med dei revisjonane som er vist til her. Dei reviderte vedtektene vert å gjelde straks dei er vedtekne i kommunestyret.

Handsaming:

Framlegg frå Krf v/ Helge Dyrkolbotn:

Saka vert utsett.

Framlegget frå Krf v/ Helge Dyrkolbotn vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Saka vert utsett.

078/14: Endring i bemanningskabal for barnehagane

Framlegg:

Austrheim kommune vil frå hausten 2014 auke tida pedagogane i barnehagane er til stades på avdelinga med 1,5 time pr. dag. For å få dette til, må ein justere slik:

- Utjevne tilgjengelege ressursar mellom barnehagane innafor 2014 budsjettet. Dette inneber å overføre ein stillingsressurs på 60% frå Kaland barnehage til Austrheim kystbarnehage (AKB).
- Tilføre kr. 42.000 til AKB sitt lønsbudsjett for 2014.
- Tilføre ein permanent auke på lønsbudsjetta f.o.m. 2015, som tilsvarar fast ordning av dei justeringane som blir gjort i punkta ovanfor.

Dette utgjer ei ekstra løyving på 2015 – budsjettet for barnehagane i høve til 2014 på kr. 101.000.

Handsaming:

Framlegg frå Krf v/ Helge Dyrkolbotn:

Saka vert utsett.

Framlegget frå Krf v/ Helge Dyrkolbotn vart samrøystes vedteke

Vedtak:

Saka vert utsett.
